

Sak 49/20 GJENNOMGANG AV AVTALE IMA -SJUKESTUGU**Bakgrunn:**

Den 28. august 2020 i Sak 42/20 fatta regionrådet slikt vedak:

«Avtala som regulerer samarbeidet om sengeplassar blir tatt opp og gjennomgått på neste regionrådsmøte. Vidare ønskjer regionrådet at samhandlingsleiaren i Hallingdal, Geir Strømmen tek ein grundig gjennomgang av ordninga og statistisk grunnlag, samt informerer om kor langt ein har kome med HALLIS»

Før Samhandlingsreforma vart innført i 2012 var det sett i gong eit stort prosjekt der alle kommunane i Hallingdal var med: Prosjekt Lokalmedisinske Tenester i Hallingdal synleggjorde eit stort behovet for samarbeide om helsetenestene og på det grunnlaget vedtok kommunane i Hallingdal våren 2012 ei intensjonsavtale som gjaldt samarbeid om lokalmedisinske tenester. Den 3. februar 2014 vart «AVTALEOM OPPRETTINGOG DRIFTAV INTERMEDIÆRE SENGEPLASSARVED HALLINGDAL SJUKESTUGU» signert av ordførarane i alle seks kommunar.

Det er denne avtala (sjå vedlegg) regionrådet no skal gjennomgå.

Forslag til vedtak:

Saka vert lagt fram utan vurdering og innstilling.

Hallingdal 18. sept 2020

Jan Olav Helling

Dagleg leiar